



Vegtraseen til høgre på skissa

Fylkeskommunen meldar at skogsbilvegen som er planlagd gjennom Kjerlandslia ikkje vil koma i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne som er verneverdige.

Det er i dette området fleire tuftar og murar etter stolar, men desse ligg noko lenger søraust etter den planlagde vegen og vil ikkje verta påverka av denne.

Vegen er planlagd så langt nede i lia at det truleg ikkje er fare for funn av liknande karakter. Difor har fylkeskommunen som sektorstyresmakt ingen avgjerande merknadar i saka.

Imidlertid må ein under opparbeidinga av vegen søkja å unngå skade på slikt som steingardar og eldre vegar eller stier. Til dømes kan stølsvegar ofte reknast som automatisk freda dersom det er gjort funn nede på sjølve garden.

Fylkeskommunen har heller ingen innvendingar mot bakkeplanering i det tidlegare sandtaket på sørvestsida av elva ved Haugland, Heller ikkje der er det kjent automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige slike.

Utifrå flyfoto ser det ut til at størsteparten av det aktuelle arealet i stor grad er påverka av drifta i masseuttaket. Fylkeskommunen ber ellers om at det vert teke omsyn i størst mogeleg grad til kulturlandskapsverdiane i området.

Av Ola Matti Mathisen